



# NY SAMFUNNSDEL

## Politisk verkstad 2

16.04.2024





## AGENDA

1200-1205 Innleiing v. ordførar

1205-1215 Kva tar vi med oss frå verkstad1 v.kom.dir./fagleiar plan

1215-1300 *Gruppeoppgåve:*

**Frå utfordringar til hovudsatsingar/visjonar**

1300-1310 Pause

1310-1410 *Gruppeoppgåve:*

**Prioritering av mål**

1410-1420 Pause

1420-1450 Presentasjon av gruppearbeid

1450-1500 Oppsummering v. ordførar/kom.dir.

1500-1530 Andre orienteringar v. kom.dir.



## Styrt samskapning politikk og administrasjon





# FRAMDRIFT FOR POLITISKE VERKSTADAR

Administrasjonen førebur valmoglegheiter og handlingsrommet (opnar)


Politisk nivå diskuterer innsnevring og prioriteringar (lukker)




11 utviklingstrekk → prioriterte utviklingstrekk

3 langsiktige hovedutfordringer → visjoner  
12 relevante mål → prioriteringer i valgperioden

# RELEVANS




# Beredskap



## Utfordningsbilete - gjennomsnitt

Liten relevans  
Middels relevans  
Stor relevans





## POLITISKE INNSPEL TIL SATSINGSOMSPÅRDE

H

AP

SP

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport, kommunikasjon og samfunnssikkerheit
- Næring og utvikling

- Identitet
- Kulturarv og kulturliv
- Bustadutvikling
- Mobilitet
- Levekår

- Barn og ungdom
- Bustadutvikling
- Næringsliv og utvikling
- Fornybar energi og berekraft
- Folkehelse
- Kultur



# NÅVERANDE SATSINGSOMRÅDE OG VEGAR TIL MÅL

## Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag

- To sentra og levande bygdelag.
- Sentra har gode og inkluderande bumiljø og møteplassar.
- Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.
- Eit inkluderande og raust samfunn.
- Kommunen har eit godt omdømme.

## Verdiskaping og berekraft

- Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.
- Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.
- Kommunen er eit reisemål som synast på kartet, og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.
- Kommunen si drift er berekraftig.

## Utdanning og kompetanse

- Barnehagar, skular og bedrifter fremmar kultur for læring, helse og trivsel.
- Sysselsettinga har auka, særleg for utsette og marginaliserte grupper.
- Det er god balanse mellom tilbod og etterspørsel etter kompetanse i arbeidsmarknaden.
- Fleire elevar og studentar gjennomfører vidaregåande opplæring, fagskule og høgare utdanning.

## Kultur, idrett og friluftsliv

- Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.
- Alle innbyggjarane opplever å ha god tilgang til eit breitt tilbod innan kultur idrett og friluftsliv.
- Verdiskaping knytt til kulturarven har auka.
- Frivilligheita er drivkraft i vidareutviklinga av kultur-, idretts- og friluftslivet.

## Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

- Det er etablert miljøvenlege, sikre og universelt utforma mobilitetsløysingar.
- Talet på reiser som blir gjort til fots, med sykkel og kollektivt har auka.
- Den digitale infrastrukturen er robust og har god kapasitet.
- Naudsynt infrastruktur for eit lågutsleppssamfunn er bygd ut.
- Infrastruktur for transport og kommunikasjon er tilpassa klimaendringar og ekstremesituasjonar.



## MÅL FOR DAGEN

Prioritering basert på

- 3 langsiktige hovudutfordringar (visjonar)
- 12 relevante mål (prioriteringar i valperioden)



Kjelde: pixabay.com



## KØYREPLAN VERKSTAD 2


### **Del 1: Frå utfordringar til hovudsatsingar/visjonar (45 min)**

- Presentasjon av dei tre viktigaste utfordringane for kommunen
- Gruppearbeid: Kva ønskjer vi oppnå? Kva gjer vi rett i dag?

### **Del 2: Prioritering av mål (1 time)**

- Tre gruppeoppgåver om prioriteringar av mål:
  - 2.1) Avstemming – dei tre viktigaste (Individuelt 5 min, Gruppe 10 min)
  - 2.2) Sortering av alle mål – kva for mål bidrar til å løyse kva for utfordringar (Gruppe)
  - 2.3) Trafikklysvurdering (grøn, gul, raud) av mål – kva bør bli prioritert med stor innsats (grøn), kva bør bli prioritert med mindre innsats (gul), kva bør bli utsett til seinare (raud) (Gruppe)

## Politiske verksteder, trinn 2



### **Hovudutfordring/dilemma/samfunnsfloke nr. 1**

Framover vil kommunen oppleve auka kostnadsvekst innan helse og omsorgstenesta, og det saman med mangel på arbeidskraft aukar behovet for innovasjon og effektive tenester.  
I tillegg er kommunen sin økonomi sårbar med det kostnadsnivået vi har nå.

#### **Årsaker/fakta/det veit vi i dag**

Synkande folketal og sterkare aldring  
aukar presset på tenester. Det blir  
vanskelegare å levere eller oppretthalde  
tenester enten på grunn av mangel på  
arbeidskraft (f.eks. lege, omsorg) eller  
mangel på tenestemottakarar (elevar).

Kommunen har høgare kostnadsnivå på  
tenestene enn samanliknbare  
kommunar.

Kraftinntektene svingar til dels mykje når  
straumprisen er variabel, og når dei er  
på sitt lågaste er ikke kommunen sin  
økonomi berekraftig.

#### **Kva kan skje visst vi ikkje handlar?**

##### **Moglege konsekvensar for innbyggjarane**

Dårlegare tenestetilbod  
grunna manglende  
fagressursar.

Samlokalisering av tenester.

##### **Moglege konsekvensar for kommuneorganisasjonen**

Manglar fagpersonar og  
økonomiske ressursar til å  
levere pålagte tenester.  
Utfordrande arbeidsmiljø  
med fare for overbelastning  
og fråfall.

Små og sårbare fagmiljø.  
Mindre handlingsrom.

## Hovudutfordring/dilemma/samfunnsfloke nr. 2

Auka utanforskap og større sosial ulikskap fører til auka press på tenestene.

### Årsaker/fakta/det veit vi i dag

Bygland ligg høgt på opplevd einsemd i nesten alle aldersgrupper blant vaksne.

Talet på personar i kvar hushaldning går ned, og fleire bur åleine.

Delen barn i låginntektshushaldningar aukar og er høgare i Bygland enn landsgjennomsnittet.

Delen barn med barnevernstiltak var 9,1% i 2022.

9,1% av innbyggjarane i alderen 15-29 år er utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. For dei i alderen 15 år og eldre er 35 % av innbyggjarane i same situasjon. Blant dei med innvandrarstatus er delen 44 %.

Færre barn i skulen utfordrar det psykososiale skolemiljøet.

Elevundersøkinga syner låg beskyttelse og trivsel på skulen.

Levekårsutfordringar går i arv.

### Kva kan skje visst vi ikkje handlar?

#### Moglege konsekvensar for innbyggjarane

Høgare risiko for ulike helseutfordringar.

Auka behov for spesialisthelsetenester.

Manglande sosiale møteplassar.

Dårlegare prestasjoner på skulen, vanskar med å kome inn i arbeidslivet, mobbing og uteslenging.

Manglande foreldrekapasitet.

#### Moglege konsekvensar for kommuneorganisasjonen

Individualisme – endra og større krav til oppvekstsektoren frå foreldra.

Meir spesialundervisning.

Meir samansette utfordringar som krev breiare kompetanse.

Lite samhandling mellom tenester for familiarar som strevar.

### Hovudutfordring/dilemma/samfunnsfloke nr. 3

Forvitring i næringslivet over lengre tid har ført til nedgang i folketalet og lågare attraktivitet for tilflyttarar, samtidig som kommunen og verksemder opplever mangel på arbeidskraft.

#### Årsaker/fakta/det veit vi i dag

- Bygland har hatt størst nedgang i talet på sysselsette dei siste 20 åra i Noreg.
- Kommunar og verksemder opplever mangel på arbeidskraft. Med færre i yrkesaktiv alder vil konkurransen om arbeidskrafta bli enda hardare.
- Bygland har få innbyggjarar med minst fire års høgare utdanning og få med fagbrev.
- Ein relativt lågare del flytter heim til ei distriktskommune, moglegvis fordi de ikkje finn relevant arbeid i kommunen dei flytta frå.
- Mange kommunar har ikkje nok kompetanse og administrativ kapasitet til digitalisering fordi det krev spesialisert kompetanse.
- Små fagmiljø gjer kommunen sårbar. Attraktive fagmiljø for personar med høgare utdanning kan bidra til at ein klarer å rekruttere og behalde dei.
- Bustadmarknaden er liten, det er låg omsetning av bustader og lite nybygging. Låg tilgang på bustader gjer det vanskeleg å halde på og trekke til seg innbyggjarar og arbeidskraft.

#### Kva kan skje hvis vi ikkje handlar?


##### Moglege konsekvensar for innbyggjarane

- Det er vanskeleg å finne relevant arbeid til eiga utdanning.
- Det er ikkje tilgang på bustadar tilpassa livssituasjonen.
- (For) stort arbeidsansvar grunna små fagmiljø.
- Lokalsamfunn som forvirrar med tomme hus og manglande vedlikehald.

##### Moglege konsekvensar for kommuneorganisasjonen

- Større arbeidsbelastning kan føre til høgare sjukefråver.
- Mangel på fagmiljø.
- Manglande kompetanse til å ta i bruk nye tekniske løysingar.

# OPPGÅVE 1





## OPPGÅVE 2.1 MARKER DEI TRE VIKTIGASTE MÅLA FOR DEG

1

2

3

4

5

6

7

8

9

10

11

12

# MARKER DEI TRE VIKTIGASTE MÅLA FOR DEG

(1) Skape eit  
variert bustadtilbod

(2) Jobbe for eit  
betre  
transporttilbod

(3) Satse på lokalt  
næringsliv

(4) Skape ein  
helsefremmande  
skule og  
barnehage

(5) Skape  
inkluderande og  
attraktive  
møteplassar

(6) Vise fram  
og styrke  
kulturarv og  
kulturliv

(7) Samordna  
innsats rundt  
barnet

(8) Redusere  
kostnadsnivået og  
effektivisere  
tenestene

(9) Auke den  
frivillige innsatsen


(10) Skape eit  
aldersvenleg  
samfunn

(11) Behalde,  
utvikle og  
rekruttere tilsette

(12) Auka  
verdiskaping innan  
berekraftig bruk av  
naturressursar



## OPPGÅVE 2.2 FORDEL ALLE MÅLA PÅ DEI TRE UTFORDRINGANE








## OPPGÅVE 2.3 PRIORITER MÅL


Mål blir prioritert i valperioden med ressurskrevjande innsats/tiltak (kan også bety skjerming mot store innsparinger) – maks 2

Mål blir prioritert i valperioden med mindre ressurskrevjande innsats/tiltak – maks 2


Prioritering av mål blir utsett til seinare



Mål blir prioritert i valperioden med ressurskrevjande innsats/tiltak (kan også bety skjerming mot store innsparingar) – maks 2



Mål blir prioritert i valperioden med mindre ressurskrevjande innsats/tiltak – maks 2



Prioritering av mål blir utsett til seinare



# (1) Skape eit variert bustadtilbod

Bustadmarknaden er liten, det er låg omsetning av bustader og lite nybygging. Låg tilgang på bustader gjer det vanskeleg å halde på og trekke til seg innbyggjarar og arbeidskraft.

Låg tilgang på aldersvenlege bustader gjer det vanskelegare for eldre å bu trygt heime og aukar behovet for omsorgs- og sjukeheimslass.

Det er reell etterspurnad etter bustader som ikkje blir dekka.

## *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Bygge aldersbustadar.
- Etablere nye bustadområde.

## *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Kontakte og legge til rette for investorar.
- Oppdatert og god informasjon om bustadmarknaden og ledige tomter på heimesida.
- Regulere område til bustadformål.



## (2) Jobbe for eit betre transporttilbod

Det er avgrensa kollektivtilbod i kommunen, og tilboden er knytt til rv9 eller skuleskyss. Vi har spreidd busssetting i store delar av kommunen, og mange er avhengige av transport for å delta på aktivitetar og arrangement. Spesielt for barn og unge og eldre kan det resultere i avgrensa moglegheit for deltaking.

Alle innbyggjarane bør ha moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Etablere transportløysing i kommunen med innkjøp av buss/bil.
- AKT Svipp

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Etablere eit transporttilbod basert på frivilligheit.



## (3) Satse på lokalt næringsliv

Det er avgrensa med næringsverksemد i kommunen, men dei som driv er veldig viktige med tanke på arbeidsplassar, servicetilbod og møteplassar. Dei lokale bedriftene er limet i lokalsamfunna og kan vere avgjerande for om folk blir buande og for at besøkjande stoppar i kommunen.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Etablere nye kontorlokale for utleige.
- Etablere infrastruktur i næringsområde.
- Pusse opp utleigelokalar for å auke attraktiviteten.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Regulere område til bustadformål.



## (4) Skape ein helsefremmande skule og barnehage

Det helsefremmande arbeidet i skule og barnehage bidrar til trivsel og meistring, godt læringsutbytte og til å gi barna eit godt grunnlag for å gjennomføre det 13-årige opplæringsløpet.

Skular og barnehagar styrker barna si fysiske og psykiske helse. Det skjer gjennom det sosiale og fysiske miljøet, innhaldet og arbeidet i barnehagen/skulen.

Fokus på kosthald, fysisk aktivitet og sosial kompetanse.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Varm mat i barnehagen.
- Ekstra ressurs med ernæringskompetanse.
- Tilsette i bhg få opplæring i korleis legge til rette for inkluderande leik inne og ute.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Satsing i samarbeid med Agder fylkeskommune – pilotkommune?
- Søkje midlar til satsingar.
- Temamøter for foreldra.
- Etablere fysisk aktiv læring som inkluderer læring i sosial kompetanse.



## (5) Skape inkluderande og attraktive møteplassar

Møteplassar er viktig for fellesskap, inkludering og forebygging av einsemd. Lokalbutikkane, Frivilligsentralen, Årdalshallen og Byglandshallen er alle eksempel på møteplassar vi har i dag.

Møteplassar som inkluderar menneske på tvers av generasjonar kan vere eit viktig bidrag for å skape eit meir aldersvenleg samfunn. Ved å skape møteplassar bidrar vi til å legge til rette for inkludering og fellesskap.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Ruste opp Hampetjønn nærmiljøanlegg.
- Etablere kafe på Stasjonsområdet/ pusse opp biblioteket.
- Etablere leikeområde med benkar i Bygland sentrum.
- Badstu ved Revsnes/Presteneset.
- Etablere aktivitetshus på Byglandsfjord.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Døgnope ubemanna bibliotek.
- Gratis leige av kommunale lokale til frivillige lag og foreiningar.



## (6) Vise fram og styrke kulturarv og kulturliv

Kulturarven bidrar til å styrke den lokale identiteten og stoltheita. Verdiskaping knytt til kulturarven har eit potensiale spesielt opp mot besøkjande.

Kulturlivet er arena for kreativ utfoldelse og for møte mellom menneske. Kulturliv er mykje basert på frivillig arbeid, og i delar av kommunen er det stor aktivitet.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Ruste opp Hampetjønn nærmiljøanlegg.
- Etablere kafe på Stasjonsområdet.
- Etablere leikeområde med benkar i Bygland sentrum.
- Auke kulturmidlane.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Døgnope ubemanna bibliotek.
- Gratis leige av kommunale lokale til frivillige lag og foreiningar.
- Informasjonsskilt/digital informasjon på aktuelle lokasjonar.



## (7) Samordna innsats rundt barnet

Delen barn som er inkludert i kultur- og idrettstilbud aukar gjennom tilrettelegging (arenaer, transport, tidspunkt), profesjonalisering og subsidiering av fritidsaktivitet.

Barn blir sett som eit sosialt produkt av oppvekstmiljøet. Løysinga på utfordringane blir dermed å endre miljøet dei lev i.

Universell forebyggingsstrategi betyr tiltak som blir retta mot alle fremfor mot utsette grupper. Forsking viser at ein liten effekt av tiltak retta mot mange, samla sett gir ei større endring enn effektive tiltak retta mot få individ.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Fysiske nærmiljøsatsinger med fokus på universelle tiltak.
- Etablere aktivitetshus på Byglandsfjord.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Søke tilskot til «etter-skulen-klubb» (frå 4.kl).
- Foreldremøte med interne og eksterne foredragshaldarar.
- Jobbe meir med faget livsmeistring i barnehage og skule.
- Skape gode strukturar for samhandling (lege, NAV).
- Søke tilskot til «Helsevogn for barn og unge» på Byglandsfjord.



## (8) Redusere kostnadsnivået og effektivisere tenestene

Samtidig som kommunesektoren må handtere ekstraordinære akutte utfordringar som auka tilstrøyming av flyktingar, høg inflasjon og auka renter, står han overfor meir langsiktige utfordringar. Framover vil kommunen oppleve auka kostnadsvekst som følge av at delen eldre i befolkninga, aukar. Behova innanfor helse og omsorgstenesta vil auke markant, samtidig som delen innbyggjarar i yrkesaktiv alder går ned.

Auka kostnadar og mangel på arbeidskraft aukar behovet for innovasjon og meir effektive tenester.

Kommunen har høgare kostnadsnivå på tenestene enn kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Investere i teknologiske løysingar innan omsorgssektoren for å spare personressursar.
- Samlokalisere fleire tenester.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Auka samarbeid med nabokommunar innan relevante fagområde og tenester.
- Fjerne ikkje pålagte oppgåver.
- Betre og auka bruk av frivillige.



## (9) Auke den frivillige innsatsen

Frivilligheita bidrar til betre levekår og gode nærmiljø både gjennom for eksempel fritids- og aktivitetstilbod, kulturtilbod, beredskap og robustheit ved spesielle hendingar. Dei bidrar til bulyst, attraktivitet, identitet, meistring, tilhørighet og trivsel.

Deltaking i frivillig aktivitet aukar sjansane for at ein vil engasjere seg flere stadar, har ein positiv effekt for livskvaliteten, og for deltaking i arbeidslivet seinere i livet.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Auka økonomisk støtte til frivilligheita.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Etablere ein lokal frivilligheitspolitikk – det frivillige engasjementet aukar visst de offentlege er gode til retteleggarar.
- Gjere det enkelt å søkje, rapportere og administrere.



## (10) Skape eit aldersvenleg samfunn

Framskriving av folketalet syner at kommunen vil få ein auka del eldre i åra framover. For å møte utfordringane og moglegheitene som ligg i ei befolkning som blir eldre, må vi tenkje nytt. Aldersvenlege samfunn handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte dette.

Det handlar om at vi skal bu heime lengst mogleg, kunne oppholde oss i nærmiljøet, ha aktivitetar vi har lyst til å delta på og moglegheita til å kome oss dit. Ved å involvere flere sektorar og eldre i enda større utstrekning kan vi få betre oversikt over både utfordringar og moglegheiter vi står overfor.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Universell utforming av (alle) offentlege rom.
- Transport.
- Gjere sentrum tilgjengeleg heile året (eks. utbetre trafikkforhold).

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Trimapparat i friluft på Byglandsfjord (har fått midlar).
- Tilrettelegging av nærturar med kvilebenkar.
- Samfunnsdeltaking – ressurs i tenestene.



## (11) Behalde, utvikle og rekruttere tilsette

Kommunen opplev mangel på arbeidskraft. Med færre i yrkesaktiv alder vil konkurransen om arbeidskrafta bli enda hardare.

Digitalisering krev spesialisert kompetanse, ressursar og omstilling. Tilrettelegging for kompetanseauke blant tilsette og innbyggjarane er viktig for å møte endringane i samfunnet.

Små fagmiljø gjer kommunen sårbar. Attraktive fagmiljø for personar med høgare utdanning kan bidra til at ein klarer å rekruttere og behalde dei.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Rimelege og gode leigebustader.
- Avtalefesta tilbod til tilsette om kompetanseheving med full løn.
- Renovere kommunehuset og Byglandsheimen.
- Kortare arbeidsdagar i omsorgssektoren.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Aktiv marknadsføring av kommunen mot utdanningsinstitusjonar.
- Dialog med utflytta som er i utdanning.
- Trivselstiltak på arbeidsplassane.



## (12) Auka verdiskaping innan berekraftig bruk av naturressursar

Kommunen har store naturressursar innan jord- og skogbruk, vatn og mineralførekommstar.

Det er behov for tilgang på rein og fornybar energi, og det er viktig å sikre naturmangfold og redusere klimagassutslepp.

Det er eit potensiale for naturbaserte opplevingar innan reiselivsnæringa.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er ressurskrevjande*

- Etablere blågrønt ressurscenter.
- Tilskot til auka berekraft i landbruksnæringa.
- Etablere padleruter og/eller stisyklingsruter.

### *Eksempel på tiltak/handlingsrom som er mindre ressurskrevjande*

- Samarbeide med dei eksisterande fagmiljøa.
- Utfordre reiselivsnæringa til å sjå på moglegheitene i kommunen.